

Sette farge på skulane

Ungdom på Radøy har fått boltra seg med grafitti på skulemurane.



Av Silje Sæterdal Bøyum
silje@strilen.no

MANGER: – Målet for i dag er å fylla denne veggen, seier Rodrigo Vitorio Lisboa Souza og peikar på ein kvitgrunna murvegg ved skuleplassen på Manger skule.

Det er Vestnorsk utvandringssenter som har henta den brasilianske grafittikunstneren, med kunstnarnamnet PEACE TU, til Radøy. Han har hatt workshop i gatekunst med born og ungdom på Austebygd tidligare i veka. Torsdag og fredag var det Manger-borna sin tur.

– Då eg vaks opp såg eg ikkje mykje grafitti, men då eg flytta til Salvador Bahia, kom eg inn i eit stort grafittimiljø, og det var her eg fekk læra kunsten, seier Rodrigo.

Han har lært elevane at det er stor forskjell på kva som er kunst og kva som berre er hærverk.

– Dei må planlegga kva dei skal skapa på førehand. Dei må teikna skisser, sjølv om dei skal laga ting for frihand, slik som eg gjer, etterpå, seier brasilianaren.

«Street art», som er ein global kunstform som har utvikla seg gjennom lovleg og ulovleg aktivitet. Den moderne kunstforma som born og ungdom på Manger og Austebygd barneskuler fekk prøva ut, vert knytt til hip-hop rørsle, og utvikla seg frå tidleg på 1970-talet i gatene i New York.

– Dette er midt i blinken for oss, seier Ida Dyrkorn Heierland frå Vestnorsk utvandringssenter.

– Kontakten mellom Noreg og Amerika har ikkje berre gått ein veg. Visst har mange nordmenn reist over Atlanteren med norske tradisjonar i kofferten, men vi har også fått mange impulsar i retur. Street Art er eit døme på dette, seier avdelingsleiaren.

Utvandringssenteret ønskjer å vera ein samfunnsaktør, og å vera med i samfunnsdebatten. Ekstra artig var det då at det same dag føregjekk ein heftig debatt, om grafitti skulle vera lovleg eller ulovleg, blant politikarar i Bergen.



– **MIDT I BLINKEN:** Avdelingsleiar Ida Dyrkorn Heierland ved Vestnorsk utvandringssenter synest grafitti er eit positivt døme på kultur som me i Noreg har fått frå Amerika gjennom at folk flyttar på seg.



GATEKUNST PÅ SKULEPlassen: Borna og ungdommane som dekorerte denne veggen på Manger skule vidareførar tradisjonar som har utspring i 1070-talets New York.



AUSTEBYGD SKULE: Også Austebygd-elevar fekk øva seg på street art med grafittikunstnaren frå Brasil

(foto: Ida Dyrkorn Heierland).

Gatekunst på vasstårnet



(foto: Ida Dyrkorn Heierland).



FRÅ OSLO: Rodrigo Vitorio Lisboa Souza, alias Peacetu, har kome frå Oslo for å laga gatekunst på Radøy.

Av Livar Aksnes
livar@strilen.no

RADØY: Betongveggen på vassstårnet på Sæbø er ikkje lenger grå og trist, slik han var tidlegare. Det har gatekunstnaren Rodrigo Vitorio Lisboa Souza, under kunstnarnamnet Peacetu, sytt for.

I regnveret laurdag forvandla han den grå veggen til eit fargesprakande maleri. Det

heile var gjort i løpet av nokre timar.

– Eg har tenkt ut på førehand korleis maleriet skal vera, seier han.

Hovudmotivet i maleriet er ein båt.

– Eg har valt båten som motiv fordi det var med båt dei norske utvandrarane reiste til Amerika, fortel han til Strilen.

På maleriet er det også fantasifulle fiskar, og det har

med at fiske har vore viktig for strilane, seier han på ei blanding av norsk og engelsk.

Det er Vestnorsk Utvandings-senteret som har fått gatekunstnaren hit. Dei etterlyste vegger som han kunne dekorera, og då var det berre vassstanken på Sæbø som vart stilt til disposisjon.

Den fargerike veggen vil no danna bakteppet på scena i Sæbø-åsen.



HJELPTE KVARANDRE: Ein treng fleire hender for at sjablongen skal liggja stødig mot veggen.



FARGERIKT: Veggen på vassstårnet i Sæbø-åsen har vorte eit fargerikt maleri.